



Sakshandsaming

Sakshandsamar:	Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy	Øyvind Hatleli
Arkivnr.:	14/578	Dokumentnr.: 14/1934

Søknad om bygging av landbruksveg Gbnr 131/19 i Austrheim kommune

Saksopplysingar:

Arild Tresvik har søkt om å byggje landbruksveg på garden sin, Gbnr 131/19, i Austrheim kommune.

Interesser i vegen er fordelt med: 60 % jordbruk, 20 % skogbruk og 20% anna, der anna er lista som friluftinteressar. Det er søkt om nybygg på 300 meter i klasse 7. Interessentar i vegen er Arild Tresvik og BOF. Berekna transportgevinst er sett til 150 000 kr for jordbruk, 50 000 kr skogbruk og 50 000 kr anna (Friluft). Byggjekostnader er berekna til 150 000 kr og sum transportgevinst er 100 000 kr.

Søknaden har vore sendt på uttale til Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg skal handsamast etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996 -12-20 nr 1200. og etter *Naturmangfaldslova* dersom vegen kan påverke natur- eller miljøverdiar i området.

Vegen er planlagd i kanten av eigedommen, og vil ta noko av dyrkamarka. Det går ein sti i dag ned til sjøkanten som er inngjerda og vegen skal leggjast i same traseen. Vegen vil gje tilgang til innmarksbeite og innmarka, noko som er ein stor fordel for å sleppe køyreskadar på jorda. Den sju mål store teigen med dyrka mark har ikkje vore i drift dei seinare åra av di det ikkje er råd med maskinell hausting. Vegen vil gje tilgang til dette arealet, og samtidig vil ein få moglegheit til å gjødsle og dyrke opp noko av beitet. Transportgevinsten for jordbruk er nok noko høg, men kan godtakast.

Det er ein teig på ca 10 daa med skog (sitka og norsk gran) som vart planta på tidleg 60-tal. Det er eit krav i forskrifta at det skal finnast heilheitsløyisingar uavhengig av eigedomsgrenser. Vegen må difor også kunne nyttast til å ta ut skogen som er på naboeigedommen (om lag 30 daa). Ein transportgevinst for skogbruket på 50 000 vil i så tilfelle kunne forsvarast.

Naturmangfald

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sårbare artar i området i naturbase. Det næraste er eit område med strandeng og strandsump (Aust for vardetangen), men veggen vil ikkje påverke dette i nokon grad. Det kom heller ikkje noko fram under synfaring som vil kunne skade naturmangfaldet eller naturmiljøet, og det er ikkje registrert nokon raudlista artar i området.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner. Det har ikkje kome noko svar på uttalen, og det ligg heller ikkje inne noko funn i det aktuelle området. Det er derimot ein del funn spreidd rundt i området, så ein bør vera særskild aktsam under gravinga. Dersom det vert funne kulturminner under gravearbeidet skal fylkeskommunen varslast og alt arbeid stogkast fram til personell frå fylkeskommunen har vore på staden.

Landskap

Veggen vil ikkje påverke landskapsbildet i særleg negativ grad. Det er allereie ein sti som går i vegtraseen, og veggen vil kunne leggast fint i terrenget utan større inngrep. Veggen og velteplassen må leggast fint i terrenget, og sår i landskapet må såast i og pyntast så godt det let seg gjera.

Friluft

Veggen vil vera særskild positiv for friluftslivet sidan det vil gje universell tilgang til BOF sitt friluftsområde. Veggen skal bli sperra med halv bom, slik at rullestolar og barnevogner kan koma uhindra forbi. Det er eit godt tiltak å få universell tilgang ned til det populære badeområdet. Dette vil også gje ein økonomisk gevinst, men er vanskeleg å beregne.

Landbrukskontoret finn at ein kan godkjenne søknaden om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 131/19. Veggen vil vera naudsynt for skog- og jordbruksinteressene i området, samt eit positivt tiltak for friluftinteressene i området.

Vedtak:

Arild Tresvik får løyve til å byggje landbruksveg på gnr/bnr 131/19 som omsøkt.

Vilkår for løyvet:

- Veggen skal byggast slik kartet viser
- Naboeigedomen 131/1 skal kunne nytte veggen til å ta ut skogen på eigedomen. Avtale om leige av veggen kan gjerast dersom dette vert aktuelt.
- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med veggen må alt arbeid stogkast, og fylkeskommunen varslast.
- Jordteigen med dyrkamark på 7 daa skal takast i bruk som slåtteareal att, og beiteområdet må haldast i hevd.
- Veggen skal stengjast med halv bom, slik at rullestol og barnevogn kjem forbi.